




Suldal Høgre



# Program for Suldal Høgre 2023–2027

Suldal Høgre 19.06.2023

# Innleiing

## Vårt program tar utgangspunkt i Høgre sin formålsparagraf:

Høgre legg vekt på kontinuitet mellom fortid og framtid. Me har arva eit samfunn prega av tillit, openheit og små forskjellar, eit samfunn med høg verdiskaping og med velutbygde velferdsordningar. Det er vår plikt å ivareta og vidareutvikla dette samfunnet for framtidige generasjonar. Me vil forandra for å bevara. Med det meiner me at me må gjera nødvendige endringar i dag av omsyn til klima og miljø, økonomisk og sosial berekraft og framtidige generasjonars velferd.

Høgre sin politikk byggjer på ein kristen og humanistisk kulturarv. Alle menneske er fødde ulike, men med same ukrenkleige eigenverdi. Høgre meiner at mangfold og toleranse er viktige verdiar for det norske samfunnet. Mangfaldet bidreg til å utfordra og utvikla oss. Høgre er eit marknadsvennleg parti.

Marknadsøkonomien fordeler økonomisk makt på fleire hender og sikrar deltaking av mange. Økonomiske og politiske maktkonsentrasjonar må unngåast gjennom mellom anna å sikra velfungerande konkurranse. Makt og ansvar bør plasserast så nær den enkelte, familien og lokalsamfunnet som mogleg.

Staten bør ikkje få for mykje makt. Staten har ei plikt til å forvalta ressursane i fellesskapet så effektivt som mogleg. Samfunnet er meir enn staten. Derfor krevst det grenser for politikk. Høgre ønskjer ein sterk, men avgrensa stat som sikrar innbyggjarane grunnleggjande tryggleik, velferd og like moglegeheter. Høgre meiner at samfunnet bør skapast og utviklast nedanfrå. Høgre meiner at kvar enkelt skal ha størst mogleg fridom til og ansvar for å forma sitt eige liv og si eiga framtid, basert på respekt for andre og for fellesskapet.

## Vår politikk bygger på dette verdigrunnlaget:

- Tillit til enkeltmennesket, samfunnet styrker enkeltmennesket
- Friheit til og ansvar for å forma sitt eige liv
- Respekt for andre og for fellesskapet
- Samhold og solidaritet menneske imellom
- Omsorg for den som treng det
- Samspel mellom personleg fridom, sosialt ansvar og dei private og offentlege fellesskapene
- Makt og ansvar plassert så nært den enkelte og familien som mogleg

## Våre hjartesaker

- Gratis barnehageplass og ein god skule.
- Levedyktig landbruk og berekraftig næringsliv.
- Lang tunnel i Rødsliane og at riksveg 13 blir oppgradert og ras-sikra med fokus på strekninga Erfjord til Sand og strekninga til Røldal.
- Oppretthalde dagens hurtigbåttilbod, spesielt Sand-Sauda ruta.
- Sikra legevaktstilbodet lokalt.
- Oppretthalde ein god kulturskule med varierte tilbod
- Frivillige lag og organisasjonar får rammevilkår for å sikre gode vilkår til aktivitet og kreativitet.
- Leggje til rette for at landbruket får gode vilkår og medverke til nyetablering i landbruket.
- Leggje til rette for å skape aktivitet i næringslivet.
- Arbeide aktivt for at Suldal kommune er ein attraktiv plass å etablere seg.

# AUKA BEHOV FOR PERSONELL MED KOMPETANSE I KOMMUNEN



Suldal Høgre vil arbeide for å sikre at me har nok kompetanse og rett kompetanse.

## For å oppnå dette vil Suldal Høgre:

- at kommunen kan bruke stipendordningar
- at kommunen kan gje tilbod om sletting av studielån
- at kommunen skal bruke dei verktøya som trengs og legge til rette for å få tilsett med rett kompetanse
- at næringsliv, innbyggjarar, handelsstand og frivillige må jobba ilag for å lykkast
- at kommunen er attraktiv og har nok arbeidsplassar
- at kommunen inviterer innbyggjarane og næringslivet til å komme med innspel om kva som trengs for å løyse utfordringane med å skaffe personell og kompetanse

# Oppvekst



## Moglegheiter for alle i skulen

Skulen skal gi like moglegheiter for alle, gi elevane grunnleggjande ferdigheter og kunnskap og framleis vera blant landets beste. Høgre vil ha nulltoleranse for mobbing, styrkja skuleleiinga og gi gode tilbod for etter- og vidareutdanning av tilsette.

## Tidleg innsats i barnehagen

Læring og leik i barnehagen dannar grunnlaget for at barna lykkast i skulen. Tidleg innsats er ein nøkkel til seinare meistring og auka læringsutbytte for alle elevar.

### Suldal Høgre vil:

- sikre tilbod om gratis barnehageplass
- at Suldal kommune tilrettelegg for at skulen kan arbeide systematisk for å fange opp og redusere skulevegring og skulefråvær- det skal vere kjekt å gå på skulen i Suldal
- at alle elevar skal ha ein trygg skuledag
- at Suldal kommune skal jobbe for å få meir praktisk undervisning på skulane
- vidareføre stipend til Suldalselevar som går på Sauda vidaregåande skule

- at det skal bli lagt til rette for møteplassar for ungdommar mellom 14-18
- at uteområde ved barnehagar og skular skal vere tilrettelagt for leik og aktivitet
- leggje til rette for desentralisert lærarutdanning
- at kommunen bruker dei verktøy som trengs for å leggje til rette for å sikre rett undervisningskompetanse i skulen
- oppretthalde det gode arbeidet i kommunen om lærlingplassar, samt vidareutvikle dette

## Helse og omsorg



### Suldal Høgre vil:

- sikra legevaktstilbodet lokalt
- sørge for at innbyggjarar kan bu heime lengst mogleg
- at Suldal kommune skal ha ein høg standard på tenestetilbodet innan eldreomsorg, heimetenester og demensomsorg
- at Suldal kommune har ein høg standard innan arbeid med psykisk helse
- oppretthalde gode tenestetilbod til barn og unge og familiene deira
- styrke fastlegeordninga ved å rekruttere fleire legar og samstundes legge til rette for privatpraktiserande legar
- at me skal bli betre til å avlaste fastlegane og bruke andre yrkesgrupper i helsetenestene meir
- leggje til rette for at tilsette i helse- og omsorgstenestene får etter- og vidareutdanning

## Samferdsel og kommunikasjon



### Suldal Høgre vil:

- arbeide for ein lang tunnel i Rødsliane, at riksveg 13 blir oppgradert og rassikra, med fokus på strekninga Erfjord til Sand og strekninga til Røldal
- oppretthalde dagens hurtigbåttilbod, spesielt Sand-Sauda ruta
- jobbe for tryggleik på vegane inklusive tilstrekkeleg bruk av vegskulder, gul midtstripe på heile RV 13
- jobbe for samarbeid mellom kommunane når det gjelder å utvikle RV 13
- gjera skulevegen tryggast mogleg. Til dømes å få ein sykkelsti frå Steine til Hauabjør.

# Miljø




Det skal vera god balanse mellom vekst og vern i arealpolitikken, samtidig som vår kommunes naturgitte og historiske kvalitetar blir sikra. Marka, fjorden, landbruket, fiske, vassdraga og friområda utgjer det blågrøne særpreget til kommunen og gjer kommunen vår til ein god stad å bu i alle livssituasjonar.

**Suldal Høgre vil:**

- leggje til rette for eit berekraftig næringsliv med heilårsturisme
- ha nybygging der ein legg til rette for miljøretta tiltak
- ta vare på biologisk mangfald

Suldal Høgre ønskjer ikkje utplassering av vindmøller i kommunen

## Kultur og fritid



Høgre har tillit til at samfunnet blir bygd nedanfrå av engasjerte innbyggjarar. Frivilligheita skaper glede, trivsel og knyter lokalsamfunna saman. Det er frivilligheita som skaper det gode samfunnet. Høgre ønskjer å styrkja lokaldemokratiet og utvikla nye \*nærdemokratiske ordningar saman med frivillige enkeltpersonar og organisasjonar.

**Suldal Høgre vil:**

- oppretthalde ein god kulturskule med varierte tilbod
- at kulturhuset framleis er ein samlande arena i kommunen med eit rikt kulturliv for alle og med eit allsidig tilbod
- at Suldal kommune framleis skal vera blant dei fremste kulturkommunane i landet med eit brent kulturtilbod
- at frivillige lag og organisasjonar får rammevilkår for å sikre gode vilkår til aktivitet og kreativitet

# NÆRING-, LANDBRUK- OG INDUSTRIUTVIKLING



Høgre vil sørge for at kommunen har dei beste vilkåra for nyskapning og vekst. Me ønskjer å auka andelen kunnskapsbedrifter, leggja til rette for gründerar og sørge for fleire kortreiste arbeidsplassar, også innan landbruk og reiseliv.

Varig velferd byggjer på lønnsame bedrifter med trygge arbeidsplassar. Kommunen vår skal vera open og tilgjengeleg med ein effektiv og ansvarleg økonomisk drift.

## Suldal Høgre vil:

- leggje til rette for at landbruket får gode vilkår
- medverke til nyetablering i landbruket
- at kommunen legg til rette for å skape aktivitet for næringslivet, til dømes set av meir næringsareal i kommuneplanen i heile kommunen
- at kommunen er med på å ha dialog med næringslivet, med fokus på kva kommunen kan tilby
- at kommunen er open om framdriftsplanar, har dialog med befolkninga og bidrar til medverknad frå innbyggjarane

# Kandidatpresentasjon

## Nr. 1: Sverre Underbakke (64)

Sjølvstendig næringsdrivande.



*«Det viktigaste er ikke kva me seier, men kva me gjer»*

### Mine hovudsaker

- Arbeid, næring og landbruk
- Samferdsel
- Oppvekst
- Helse, omsorg og lokal legevakt

## Nr. 2: Harald Bjarne Hellesen (52)

Kommuneoverlege og fastlege.



*«Eg ynskjer å bli valgt inn i kommunestyret for å kunne vere ein stemme for innbyggjarane.»*

### Mine hovudsaker

- Å legge til rette for å skape fleire arbeidsplassar
- Eit godt oppveksttilbod for barn og unge
- Ein trygg og god eldreomsorg

# Kandidatliste

1. Sverre Underbakke (64), Sand
2. Harald Bjarne Hellesen (52), Sand
3. Sanja Roganovic Heggelund (40), Sand
4. Terje Bjørndal (51), Sand
5. Kim André Fjellberg Einervold (32), Jøsenfjorden
6. Odd Sigmund Kalvik (75), Hebnes
7. Olav A. Nerheim (70), Suldalsosen
8. Kenneth Thomsen (57), Sand
9. Otto Efteland Underbakke (28), Sand

## 5 grunnar til å stemme Høgre i vår kommune

- Gratis barnehageplass og ein god skule
- Sikra legevaktstilbodet lokalt
- Levedyktig landbruk og berekraftig næringsliv
- Leggje til rette for å skape aktivitet i næringslivet
- Me vil arbeide aktivt for at Suldal kommune er ein attraktiv plass å etablere seg

## Kontakt

Harald Bjarne Hellesen, styreleiar Suldal Høgre

Mobil: 91167506

E-post: [harald.bjarne.hellesen@gmail.com](mailto:harald.bjarne.hellesen@gmail.com)

Sverre Underbakke, gruppeleiar Suldal Høgre

Mobil: 90065410

E-post: [sverre@underbakke.as](mailto:sverre@underbakke.as)